



Saksframlegg

Fyresdal Friluftsbad

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Fyresdal Friluftsbad - SØKNAD prekvalifisering God og Trygg friluftsliv
- 2 Fyresdal Friluftsbad - SØKNAD ATP - 2025

Bakgrunn for saka:

Fyresdal har dei siste åra fått stor merksemd som reisemål for naturbaserte opplevingar, særleg gjennom utviklinga av Hamaren aktivitetspark og Tretoppvegen. Med snart 170 000 besøkande er Fyresdal trekt fram nasjonalt og internasjonalt som føredøme på universell utforming og inkluderande reiseliv.

Det finnes ingen fullverdig gode bade- og sauna tilbud som er universelt utforma og samtidig har eit inkluderande design, seier DOGA. Mange har Sauna som er tilgjengeleg, men då blir ofte bademoglegheitane begrensa, kombinasjon av Sauna og friluftsbading som inkluderer alle, eksisterer ikkje i dag.

Etterspurnaden er stor både frå fastbuande og hyttefolk. Det er og politisk forankra i plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025-2032, kor eit av hovudsatsingsområda er fleire uformelle møteplassar. Det er forankra i budsjettvedtak investering for 2026. Ei lokal gruppe på over 30 personar møtast jamleg for felles bading, og i fleire høyringar til kommunale planar er ønsket om offentleg tilgjengeleg sauna med bademoglegheit kome tydeleg fram. Eksisterande symje og badstove tilbud er i dag avgrensa til få timar i veka og gjev ikkje moglegheit for heilårsbruk eller bading ute.

Området rundt Hamaren aktivitetspark er vurdert som mest eigna lokalisering, då kanskje med utgangspunkt i Næringshagen. Her finst allereie infrastruktur for parkering og tilgjenge, og tiltaket vil vere sentrumsnært og innanfor «5-minuttsamfunnet».

Prosjektet er tenkt gjennomført i minst to fasar, eit forprosjekt og eit hovudprosjekt. Forprosjektet skal avdekke kva løysingar som skal til, brukarmedverknad og ein designprosess som inkluderer flest mogleg brukargrupper. Anlegget skal være flytande og kunne tilpassast seg

regulering i Fyresvatn. Ein skal kunne gå og rulle ut på flytande gangbru konstruksjonen skal gje rom for heilårleg bading, badstove, kano/kajakk aktivitet, fiske og anna vassaktivitet.

- **Fase 1 – Forprosjekt (2025–2026):**

- Leverer søknad til nasjonal ordning «God og trygg tilgang til naturen»
- Utreiing av tekniske løysingar
- Brukarmedverknad og designprosess med universell utforming
- Konsept for drift og organisering – kva er gratis, kva er kommersielt og kven held anlegget ved like.
- Finansieringsplan og søknadsskriving – prosjektet skal vere ferdig finansiert før iverksetjing av fase 2 som er gjennomføring av prosjektet.
- Driftsmodell, kven eig og driftar

- **Fase 2 – Hovudprosjekt (frå 2026):**

- Etablering av flytande anlegg tilpassa varierende vassnivå
- Universell tilkomst via flytebrygger
- Fasilitetar for bad, sauna, isbading, kano/kajakk, fiske og annan vassaktivitet
- Drift i samarbeid med frivillige lag og aktørar

Prosjektet har allereie fått støtte på 80 000 kr frå Telemark fylkeskommune (ATP-program) og 50 000 kr frå Arendal Vasdrags Brugseierforening og 20 000 i rentemidlar frå skogfond (tilgjengelege men ikkje bevilga). Det er vidare prekvalifisert til nasjonal ordning «*God og trygg tilgang til naturen*», der ein kan søke om finansiering opp til 70 % av projektkostnadene. Søknadsfristen på denne ordninga er 31.10.2025.

Vedlagt ligg søknaden som blei pre-kvalifisert i den nasjonale ordninga Trygg og God tilgang til naturen. **Finansieringsplanen frå søknaden er gjengjeve i tabellen nedanfor og viser potensialet i prosjektet.**

Finansieringsplan	NOK	Kommentar
Tilskot	6 000 000	Tilskot God og Trygg
Egne midlar	1 200 000	Investeringsmidlar
Andre offentlege tilskot	800 000	Relevante ordningar, til dømes spelemiddelordning og Mdir
Anna finansiering	2 000 000	Private stiftingar og bedriftssponsing
Dugnadsarbeid	15 000	Vinter-baderar og brukargrupper
Total	10 015 000	

Det er viktig å presisere at dette er eit budsjett, og at eit av formåla med forprosjekt vil vere å få til ei betre oversikt der fagkompetanse har kvalitetssikra løysingar og kostnader. I tillegg vil forprosjektet kartlegge potensielle finansieringskjelder. Dersom det undervegs dukkar opp relevante eksterne finansieringsmoglegheitar vil prosjektgruppa levere på dette.

I budsjettet over er det satt av 1,2 millionar frå Fyresdal kommunes investeringsbudsjett.

Forprosjektet vil avdekke om desse tala er reelle og finansieringskjelder vil styre korleis eigen innsats / egne midlar kan kombinerast med støtteordningar og privat finansiering.

Søknadsfristen til «God Trygg» er 31 oktober og eventuelle tildelingar annonserast rett på nyåret i 2026. Arbeidet med søknaden vil krevje ein del jobb og forankring. Vi vurderer at vi har gode moglegheitar i denne ordninga fordi Fyresdal Friluftsbad er tenkt som ein utviding av Hamaren aktivitetspark som har bevislege ringverknadar både med inkluderande design og ringverknadane innan auka livskvalitet og anna verdiskaping.

Vi ser for oss ei organisering av forprosjekt der Kultur og Næring saman med Teknisk utgjer arbeidsgruppe og brukar ekstern prosjektleiing ved behov. Formannskapet vil få oppdatering og informasjon undervegs i prosessen. Vi tek sikte for at forprosjektet er ferdig og presentert for kommunestyret før sommaren 2026.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for næring, strategi for samfunnsutvikling og kultur samt strategi for areal, klima og miljø.

Strategi for næring

- Arbeide for god infrastruktur
- Stimulere til utvikling av eksisterande destinasjonar

Strategi for samfunnsutvikling og kultur

- Legge til rette for å skape gode bustadar og nærmiljø
- Legge til rette for kreative og innovative løysingar
- Legge til rette for aktivitet for alle aldersgrupper, og som gjev tilbod til fleire generasjonar samtidig
- Jobbe for ei meningsfull fritid for alle
- Legge til rette for møteplassar

Strategi for areal, klima og miljø

- Miljø og klima har fokus i planarbeidet
- Ha fokus på kommande generasjonar
- Legge til rette for tur og fritid i natur og utmark

Reisemålsutvikling

Etablering av eit flytande friluftsbad med sauna vil vere ei naturleg vidareføring av Hamaren aktivitetspark og Tretoppvegen, som alt har vist seg å vere suksesshistorier både lokalt og nasjonalt. Satsinga på universell utforming har gitt Fyresdal posisjon som eit føredøme innan inkluderande reiseliv. Sauna- og badetilbod har internasjonalt vist seg å forlenge sesongen for reisemål, styrkje heilårsattraktivitet og bidra til auka verdiskaping.

Eit døme er Oslo Badstuforening, som har skapt ei sterk folkerørsle for sauna- og vassbaserte aktivitetar og bidrege til å gjere Oslofjorden tilgjengeleg på nye måtar. Evalueringar frå DOGA (Design og Arkitektur Norge) peikar på at nettopp inkluderande design og universell tilgang er nøkkelfaktorar for at slike prosjekt lukkast.

Besøkstala i Tretoppvegen viser ein nedgåande trend, førebels ikkje ein kritisk nedgang, fordi vi ser at næringslivet rundt fortsett å skape verdiar rundt besøkstala. For at ein skal stabilisere tala der vi er nå, og kanskje bygge på skuldersesongen er det viktig å utvikle betre heilårstilbod slik at vi lagar eit betre grunnlag for reisemålsutviklinga. Ein kan og sjå til Dalen og Soria Moria som med eit godt design og tilgjengelegheit har utvikla eit internasjonalt attraktivt og fullbooka reisemål – året rundt.

Eit friluftsbad i Fyresdal vil forsterke reisemålet sitt omdøme som inkluderande og nyskapande, og bidra til å halde på turistar lenger – noko som i reiselivssamanheng er ein avgjerande faktor for lokal verdiskaping (Innovasjon Norge, "Bærekraftig reisemålsutvikling").

Bulyst og folkehelse

Tilbodet vil møte ein tydeleg etterspurnad i lokalsamfunnet, både frå fastbuande og hyttefolk. Særleg har interessa for vinterbading og sauna eksplodert dei siste åra, og generell forskning frå blant anna Finland, dokumenterer positive helseeffektar knytt til både fysisk og psykisk helse, styrkt immunforsvar, betre søvn, redusert stress og sosial tilhøyrse.

I tillegg er dette eit lågterskeltilbod som gjer det mogleg å møtast på tvers av alder, bakgrunn og livssituasjon. Erfaringar frå andre kommunar (t.d. Sjøbadet Trondheim og sauna-prosjekt i Nord-Noreg) viser at slike møteplassar fungerer som viktige bidrag til bulyst og rekruttering. Det er ein sosial arena som kombinerer folkehelse, livskvalitet, trivsel og identitet.

Industrietablering og tilflytting

For å vere attraktiv som bu- og etableringskommune treng Fyresdal både arbeidsplassar og gode sosiale møteplassar. Fleire rapportar og internasjonal forskning viser at «place making» og lokalsamfunnsutvikling (ulike rapportar frå Distriktssenteret og internasjonal forskning). Ein attraktiv stad er meir enn arbeidsplassar – det handlar òg om livskvalitet og sosiale arenaer.

Erfaringar frå kommunar som Voss og Rjukan, der reiselivstilbod vert brukt som tilflyttingsargument, viser at attraktive møteplassar er viktige supplement til arbeidsmarknaden

Etablering av eit friluftsbad og sauna vil supplere satsinga på nye industriarbeidsplassar, som datasenteret, og bidra til å skape eit meir heilskapleg bu – og bli-miljø.

Innovasjon, Naturlab og læring

Vatn har historisk vore ein berebjelke for verdiskaping i Fyresdal, frå tømmerfløyting, kraftproduksjon til produksjon av Telemarkrøye, kildevatn og etablering av kunnskapsmiljø. Eit flytande friluftsbad vil byggje vidare på denne identiteten og kunne nyttast som ein læringsarena, til dømes gjennom samarbeid med skule, forskning og næringsliv.

Det ligg òg ein moglegheit i å knyte anlegget til framtidig energiinnovasjon, til dømes ved å nytte overskotsvarme frå datasenteretableringa. Dette vil kunne redusere driftskostnader og posisjonere Fyresdal som ein kommune som kombinerer tradisjonelle ressursar med framtidsretta teknologi. Innovasjon Norge løftar i fleire rapportar fram nettopp slike samspel mellom infrastruktur, energi og opplevingsnæring som døme på «bærekraftig innovasjon».

Med eit slikt prosjekt kan Fyresdal ta posisjonen som «naturlab» for nyskaping i distriktskommunar, og bidra til å utvikle metodar og modellar andre kommunar kan lære av.

Finansiering

Fase 1 hentar finansiering frå;

- TFK (80')
- ABV (50')
- Renter Skogfond (20')
- Forprosjektering frå kommunen (opp til 300')

Finansiering fase 2;

- Tilskot frå nasjonale ordningar (potensielt opptil 70 % av kostnadane)
- Eigeninnsats frå kommune og lokale samarbeidspartnarar og næringsliv
- Mogleg samarbeid med private aktørar for drift og utvikling

Konklusjon:

Etablering av eit flytande friluftsbad med sauna vil vere eit viktig supplement til dagens reiselivs- og folkehelsestilbod samt nye industrietableringar med tilhøyrande behov for auka bulyst i Fyresdal. Prosjektet er forankra politisk, etterspurd av innbyggjarar og har potensial til å styrkje både lokalsamfunn, reiseliv og næringsutvikling.

Prosjektet har allereie motteke tilskot og er pre-kvalifisert til ordninga Trygg og God som er ein unik moglegheit til å få finansiert eit større anlegg enn om kommunen skal gjere det med egne midlar.

Det er viktig at prosjektet formast slik at det blir styrt godt med tanke på trinnvis prosjektutvikling og kostnader. Dette betyr at vi må tilpasse prosjektet til det vi har finansiering til slik at vi får god risikostyring, samtidig som vi balanserer krav til eigeninnsats opp mot tilskot vi har fått og kan få.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune ynskjer igangsetjing av forprosjekt for å utgreie moglegheitar for eit friluftsbad i Fyresdal.

Forprosjektet skal munne ut i **Fase 1 – Forprosjekt (2025–2026):**

- Leverer søknad til nasjonal ordning «God og trygg tilgang til naturen»
- Utgreiing av tekniske løysingar
- Brukarmedverknad og designprosess med universell utforming
- Konsept for drift og organisering – kva er gratis, kva er kommersielt og kven held anlegget ved like.
- Finansieringsplan og søknadsskriving – prosjektet skal vere ferdig finansiert før iverksetjing av fase 2 som er gjennomføring av prosjektet.
- Driftsmodell, kven eig og driftar

Og er tenkt finansiert slik;

- Telemark Fylkeskommune ATP mildar 80 000 kroner
- Arendal Vasdrags Brugseierforening 50 000 kroner
- Renter Skogfond 20 000 kroner
- Fyresdal kommune inntil 300 000 kroner, i tillegg kjem eigeninnsats i form av arbeidstimer

Formannskapet løyver inntil kroner 300 000 frå næringsfondet.

Fase 2 av prosjektet skal opp til ny vurdering når forprosjekt og finansieringsplan er klar.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	næringssjef